

MÅNADSBREV FRÅ GRANAT, JUNI 2021

Då er mai over og har tatt til på siste innspurt før sommarferie. Vi har blitt til ei mindre gruppe og det har fungert fint.



Det vart ein kjekk mai måned med mykje uteleik og kjekke aktivitetar. Vi hadde fine 17.mai samlingar, der vi snakka om landet vårt, kongefamilien, slottet og det å gå i tog. Vi hadde og ei samling med tema ramadan og id feiring, der vi såg film om familier som feira med gaver og god mat. Det er viktig å sjå mangfaldet vi har i barnehagen, og bli kjent med kvarandre sine tradisjonar.



Vi feira mini-17.mai med eit flott tog, fane og instrument. Vi hadde sekkeløp, kasta erteposer på blink og andre leika. Pølse med brød til lunsj, og is og sjokoladecake til frukt....akkurat sånn det skal vere 😊

Vi har vore mykje ute denne månaden, gått turar i nærmiljøet og leika på uteområdet. Vi ser at barna utfordra seg sjølv og det er meistring kvar dag.

I tillegg har vi sådd gulrot og sukkererter i plantekassane våre, og no føler vi med på nokre egg som vi har til klekking....det er spennande!

Juni

Denne månaden blir vi mykje ute, både her i barnehagen og på tur. Håpa det fine veret fortsette, då tar vi gjerne med nista vår ut....og kjem det regn så likar vi det og vi ;)



Vi skal fremdeles snakke om insekter, kva dei heiter, kor dei bur og korleis vi skal behandle dei. Vi skal og opp til Kleivevatnet å sjå på rompetroll og froskar. Kanskje skal vi lage oss nokre bier, sommarfuglar el maur til å pynte med inne.

Eliza fylte 5 år 1.juni, og hadde feiring i skogen. Det var kjekt☺



Vi er heldige som har så fint vær no, og minner på at barna MÅ vere smurt med solkrem når dei kjem om morgonen, så tek vi ei ny runde med solkrem på ettermiddagen. Fint vist barna har litt lettare kle, at dei har shorts og t-skjorte i korga eller sekken.

Helsing

Heidi, Inger og Trine